

NotatDato: 20.01.2015
Arkivsak: 2015/727-1
Saksbehandlar: aseloh

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fagopplæringssjefen

Krav ved godkjenning av lærebedrifter

Samandrag

Godkjenning av lærebedrifter er heimla i opplæringslova § 4-3 og i forskrift til opplæringslova § 11-1. I tillegg har fagopplæringskontoret hatt lokale retningslinjer godkjent av fagopplæringssjefen 31.1.11 (vedlagt).

Fagopplæringskontoret ser at retningslinjene for å godkjenne lærebedrifter og faglege leiarar ikkje fungerer optimalt. Det er difor trong for ei justering. Saman med juristen har vi hatt ein gjennomgang av krava til godkjenning av lærebedrifter og faglege leiarar. Vi har ut i frå konklusjon frå juristen utarbeidd forslag til kva krav vi skal stille før vi godkjenner lærebedrifter og faglege leiarar.

Krav til signatur frå dagleg leiar:

Det har vore eit krav at den som signerer søknaden skal vere oppført i Brønnøysundregisteret som dagleg leiar eller leiar med signaturrett. Utfordringa er då at ein filial/undereining må «til topps» for å få signert søknaden om godkjenning som lærebedrift for den lokale bedrifta. Dette har ført til at vi har mista potensielle lærebedrifter, sidan det kan vera ein lang prosess å få konsernsjefen sin signatur på søknaden. Fagopplæringskontoret ønskjer ei endring der dagleg leiar for filialen/undereininga eller andre som naturleg svarer for det daglege i undereininga, kan signere søknaden om godkjenning som lærebedrift.

Krav til fagleg leiar:

Fagopplæringskontoret har klare krav til fagleg leiar sin kompetanse. Desse krava har vore absolutte og i enkelte høve ført til at vi har mista potensielle lærebedrifter. I ein del saker og i nokre fag ser Fagopplæringskontoret at det er trong for å kunne vurdere fagleg leiar også ut i frå ein del tilleggs-kriterier, utan at dette går ut over profesjonaliteten i fagopplæringa.

Lokalisering av fagleg leiar:

Det har vore eit krav at fagleg leiar skal vere lokalisert på same adresse som lærling/lærekandidat. Dette ønskjer Fagopplæringskontoret å vidareføra for å sikre eit forsvarleg opplegg for opplæringa. I unntakstilfelle kan fagleg leiar og lærling arbeide på ulike adresser, men i slike tilfelle skal Fagopplæringskontoret etterspørje planar for opplæringa, samt ansvars- og arbeidsfordeling m.m.

Godkjenning av dagleg leiar – krav til signatur:

Bakgrunn

Godkjenning av lærebedrifter er heimla i opplæringslova § 4-3 og i forskrift til opplæringslova § 11-1. I tillegg har fagopplæringskontoret hatt lokale retningslinjer godkjent av fagopplæringsssjefen 31.1.11 (vedlagt).

Søknad om godkjenning som lærebedrift krev pr i dag signatur frå dagleg leiar/leiar med signaturrett. Dette har skapt ein del ugreie og negative situasjonar og ofte ført til at godkjenning av lærebedrifter har vorte forseinka. I verste fall har bedrifta ikkje fått godkjenning, eller bedrifta har trekt seg ut fordi dei finn det for komplisert å «gå heilt til topps» for å få naudsynt signatur.

Mange store nasjonale og internasjonale selskap har filialar i Hordaland. Kvar filial har sin daglege leiar, men denne er ikkje registrert som dagleg leiar/leiar med signaturrett, i Brønnøysundregisteret. Filialane sitt organisasjonsnummer finn ein i Brønnøysundregisteret, men organisasjonsnummeret er registrert som underenning av eit overordna selskap. Som dagleg leiar for selskapet er oppført konsernsjef. Det har ved fleire høve vist seg at denne ikkje alltid er lett tilgjengeleg for den lokale filialen.

Eksempelvis søkte ein av filialane i ei stor kleskjede med ca 100 underenningar, om å verte godkjent lærebedrift. Søknaden, med signatur frå den lokale daglege leiaren vart sendt inn til oss, utan å verte godkjent. Ein ungdom sto og venta på lære plass i bedrifta. Det gjekk ca eit halvt år før godkjenninga var på plass, mykje på grunn av at lokalavdelinga undervegs vurderte å trekkje tilbake søknaden pga vanskar med signaturen frå dagleg leiar. Dei same utfordringane har vi møtt når det gjeld andre små og store filialar både innan industribedrifter, matvare, elektronikk og klede. Fagopplæringskontoret bruker mykje tid og ressursar på å handsame desse sakene, og bedriftene får ei negativ haldning til fagopplæringskontoret og skjønar ikkje kvifor vi er «vanskelege». Gode lære plassar kan gå tapt.

Det enklaste ville vere at det vart lagt fram fullmakt frå konsernsjef til dagleg leiar for kvar eining, men dette har vist seg problematisk å få til.

Etter mange rundar både internt på fagopplæringskontoret og med bedriftene, har vi søkt råd hos juristen i denne saka.

Juristen sitt svar:

Krav til signatur frå dagleg leiar

Spørsmålet er kven som skal signere på søknaden om godkjenning som lærebedrift. Praxis har vore at fagopplæringskontoret har kravd at det er dagleg leiar registrert i Brønnøysund som signerar. Det vert stilt spørsmål om denne praksisen er naudsynt og om det finns heimel for å krevje at dagleg leiar signerar.

Svar:

Det rettslege grunnlaget er opplæringslova § 4-3 (1) første setning:

«Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar eller lære kandidat, må vere godkjende av fylkeskommunen.»

Forskrifta § 11-1:

«Kvar enkelt bedrift som driv opplæring av lærlingar og/eller lære kandidat må vere godkjend av fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 4-3 første og andre ledd. Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, gir godkjenning for kvart enkelt fag lærebedrifta skal kunne ha lærling eller lære kandidat i. Har bedrifta lokale i fleire fylkeskommunar, avgjer lokaliseringa til den aktuelle avdelinga av lærebedrifta kva for ein fylkeskommune som kan godkjenne denne.»

Det står ingenting i opplæringslova § 4-3 eller i forskrifta § 11 om kven som skal signera på søknaden om godkjenning som lærebedrift. Det står berre at «bedriften» skal verte godkjent.

Til støtte for kravet om at dagleg leiar skal signere vert det vist til aksjelova § 6-30 kor det står «*Styret representerer selskapet utad og tegner dets firma.*» Bakgrunnen for å krevje at dagleg leiar signerar er at rette vedkommande frå selskapet skal signere, men dette visar seg å vere praktisk vanskeleg å gjennomføre. Aksjelova har ikkje reglar om stillingsfullmakt, her må man byggje på den allmenne regelen i avtalelova § 10 andre ledd. Her står det «*Indtar nogen ifølge avtale med en anden en stilling, som efter lov eller sedvane medfører beføielse for ham til indenfor visse grænser at handle paa den andens vegne, ansees han at ha fuldmagt til at foreta retshandler, som falder indenfor disse grænser.*» Dette betyr at dagleg leiar, direktør og liknande kan underskrive søknaden og dette vil vere bindande for verksemda.

Når ei verksemd fyrst har fått ei godkjenning, vert denne fornya automatisk så lenge dei har lærlingar. Det er dermed ikkje avgjerande kven som har signert søknad om godkjenning. Berre at det er ein person som kan inngå avtalar på vegne av verksemda. Godkjenninga vert gjeven verksemda og er knytt til organisasjonsnummeret og ikkje personen. I tilfelle av eit krav om tilbakebetaling av tilskot er det verksemda som er ansvarleg, uavhengig av kven som har signert.

Konklusjon: Det kan ikkje krevjast at søknad om godkjenning som lærebedrift vert underskrevet av dagleg leiar registrert i Brønnøysund.

Fagopplæringskontoret sitt framlegg til nye retningslinjer:

- Juristen sin konklusjon er at den som har det daglege ansvar for filialen/undereininga i eit lite eller stort konsern, svarer for filialen sine daglege gjeremål. Dagleg leiar i filialen eller andre som kan inngå avtalar på vegner av filialen/undereininga, kan difor signere på søknad om godkjenning som lærebedrift, sjølv om denne ikkje er oppført i Brønnøysundregisteret. Det same gjeld signatur på lærekontrakt, og på andre dokument som krev signatur frå bedrifta. Ein treng altså ikkje signatur frå den som er oppført i Brønnøysundregisteret. I og med at det ikkje er heimel for å kreve signatur frå dagleg leiar registrert i Brønnøysundregisteret, og at ei omlegging ikkje vil svekke profesjonaliteten og kvaliteten i høve til opplæringa av lærlingar, ønskjer fagopplæringskontoret å endre praksisen.

Godkjenning av fagleg leiar – krav til fagleg leiar.

Bakgrunn.

Til å vurdere omgrepet «fagleg utdannet person» (fagleg leiar) har Fagopplæringskontoret til no nytta følgjande kriterier for kva krav ein skal stille til fagleg leiar:

1. avlagt fag-/sveineprøve
2. meisterbrev i faget
3. adekvat høgare utdanning i faget
4. adekvat høgare utdanning innanfor den del av fagområdet inn under læreplanen som skal gå føre seg i bedrifta
5. i spesielle høve og i fag som er nye, har vi godkjent fagleg leiar utan formell utdanning i faget dersom dei har minst 6 års dokumentert allsidig praksis i faget.

I dei tradisjonelle faga har vi hatt eit absolutt krav til fagbrev, evt. meisterbrev (pkt. 1 og 2).

I mange tilfelle og i enkelte bransjar har det vist seg vanskeleg å få dokumentert og vurdert den relevante praksisen til fagleg leiar. Fagopplæringskontoret vert ofte kritisert for å vere for streng både når vi vurderer relevansen i den enkelte sin kompetanse (punkta 3, 4 og 5), og når det gjeld dokumentasjonen (punkt 5). Vi har hittil ikkje godkjent høgare utdanning dersom vi ikkje finn at denne er relevant for faget, men har godteke ei slik utdanning dersom den er i kombinasjon med nokre års praksis eller anna utdanning i det aktuelle faget. Den som er ønskt som fagleg leiar kan ha arbeidd i bransjen sin «heile livet», men dokumentasjonen som vert lagt fram kan vere mangelfull og seier ofte lite om kva oppgåver vedkommande har arbeidd med. Dermed vert det vanskeleg å vurdere kompetansen opp mot læreplanen i faget. Bedrifta som søker godkjenning kjem gjerne med ei stadfesting der dei går god for kompetansen i faget for den dei ønskjer å ha som fagleg leiar. Sjølv om denne stadfestinga er kombinert med anna relevant kompetanse/ utdanning, men likevel ikkje tilfredsstillar krava vi har lista opp, så vert søknaden pr i dag oftast avvist. I særlege tilfelle, har saksbehandlar likevel godkjent fagleg leiar sjølv om denne ikkje fullt ut dekkjer krava vi har lista opp. I slike tilfelle har vi bede bedrifta leggje fram intern opplæringsplan som vi får til gjennomsyn. I tillegg har vi hatt eit møte med fagleg leiar, der lover og reglar som gjeld for lærlingar/lærekandidater og lærebedrifter vert presiserte.

Fagopplæringskontoret har søkt råd hos juristen i denne saka.

Juristen sitt svar:

Faglege krav til fagleg leiar.

Spørsmålet er kva krav me kan stille til den faglege kompetansen til fagleg leiar.

Svar:

Det rettslege grunnlaget er opplæringslova § 4-3 (3) sjetteste setning:

«Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa av lærlingane og lærekandidatane.»

I forarbeida Ot. prp. nr. 41 (2006-07) s 44 står det følgjande om faglege krav til fagleg leiar:

*«Departementet meiner at instruktørrolla bør lovfestast, sidan denne personen spelar ei viktig rolle i opplæringa. Vidare bør lova presisere tilhøvet mellom fagleg leiar og instruktør, og i større grad enn i dag presisere det ansvaret lærebedrifta har for å gi opplæring i samsvar med krava i lova. Målet om nærleik til lærlingane og lærekandidatane talar for at kravet om instruktør blir stilt til kvar enkelt bedrift som driv opplæring, uavhengig av om bedrifta er sjølvstendig lærebedrift, eller er organisert i eit opplæringskontor eller ein opplæringsring. Lova er ikkje til hinder for at instruktør og fagleg leiar kan vere éin og same person. Departementet vurderer det som ikkje formålstenleg å lovfeste arbeidsoppgåver og ansvar for instruktøren, utover at han skal stå føre den daglege opplæringa av lærlingen og lærekandidaten. Departementet vurderer det heller ikkje som riktig å lovregulere krav til kompetanse hos instruktøren, slik enkelte høringsinstansar etterlyser. Føresegner om dette bør eventuelt fastsetjast i forskrift. **Departementet meiner at den faglege leiaren bør ha god og oppdatert kompetanse. I dag er kravet i lova at den faglege leiaren er fagleg kvalifisert, eit krav som kan oppfyllest både gjennom formell utdanning og gjennom praksis innanfor faget. Det blir ikkje foreslått å lovfeste ytterlegare krav om formell utdanning for den faglege leiaren, sidan behovet for kompetanse stadig vil endre seg.** Strategiar for kompetanseutvikling bør arbeidslivet og fylkeskommunen samarbeide om. I dette arbeidet er det viktig å sjå etter- og vidareutdanning av lærarar og instruktørar i samanheng.*

Etter endringsforslaget vil det framleis vere eit krav til lærebedrifta om å ha ein fagleg leiar som har ansvaret for opplæringa, og som fører kontroll med at krava i lova til lærebedriftene blir oppfylte. Samtidig meiner departementet at det bør komme klart fram i lova at det er lærebedrifta, ikkje den enkelte faglege leiaren, som har det overordna ansvaret for opplæringa og for at lovfesta plikter blir etterlevde. Lovforslaget synleggjer at ei lærebedrift kan ha fleire faglege leiarar.» (mi utheving)

I fagopplæringskontorets praksis har Rundskriv F-21-95 av 13. februar 1995 frå det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet vorte lagt til grunn. Dette rundskrivet er ikkje lenger gyldig. Etter lovendringa i 2007 er det ikkje lenger lovfesta kva som ligg i «fagleg kompetent» i opplæringslova § 4-3 (3) sjette ledd. Fagopplæringskontoret kan dimed ikkje lenger krevje at den faglege leiaren har avlagt fag-/sveineprøve i det aktuelle lærefaget, noko som er naturleg etter innføringa av Kunnskapsløftet. Kva praktiske konsekvensar dette får, er eg ikkje sikker på. Sjølv om rundskrivet ikkje lenger kan nyttast som heimel, vil truleg vurderinga ikkje være særleg annleis. Vurderingsmomentet er om personen som ønskjer å vere fagleg leiar har ei slik fagleg kvalifikasjon gjennom formell utdanning eller praksis, at ho eller han er i stand til å ta det ansvaret som ligg i å vere fagleg leiar.

Konklusjon: det er ikkje lovfest kva krav som kan stillast til kompetansen til fagleg leiar. Fagopplæringskontoret bør fastsette eigne retningslinjer for kva som reknast for å være fagleg kompetent for å sikre lik handsaming.

Fagopplæringskontoret sitt framlegg til nye retningslinjer:

- Fagopplæringskontoret må så langt råd er sikre seg dokumentasjon som viser fagleg leiar sin kompetanse i det enkelte fag. Ein kan på denne måten sikre god og profesjonell opplæring til lærling/lærekandidat i eit system som held rett nivå kvalitetsmessig.
- Fagopplæringskontoret skal framleis bruke punkta som er lista opp under overskrifta «Bakgrunn» (sjå ovanfor), som eit utgangspunkt. Etter nøye vurdering, og når fagopplæringskontoret finn det forsvarleg, kan ein «mjuke opp» dei absolutte krava.
- Fagleg leiar må minimum ha 6 års allsidig praksis, og ha ein praksis som fyller krava som vert sett til praksiskandidatar.
- Dersom relevant dokumentasjon mangler, skal fagopplæringskontoret:
 - a) mellom anna leggje vekt på lærebedrifta si stadfesting av kompetanse i faget (dersom personen har vore lenge i den aktuelle bedrifta)
 - b) ha ein samtale med den aktuelle faglege leiaren, der læreplan, lover og reglar vert gjennomgått, før godkjenning vert gitt
 - c) be om å få inn intern opplæringsplan før godkjenning vert gitt.

Lokalisering av fagleg leiar.

Fagopplæringskontoret stiller krav til at fagleg leiar skal arbeide i bedrifta og på same adresse der lærlingen er, og fortrinnsvis vere tilgjengeleg for lærlingen kvar dag. Store kjedebutikkar, og nasjonale og internasjonale selskap med filialar over heile landet, ønskjer det ofte annleis. Dei har laga sin eigen «skule»,

med ein opplæringsansvarleg for alle sine lærlingar. Mange av desse ønskjer å ha ein fagleg ansvarleg uansett kva filial lærlingen er plassert i.

For å sikre at lærlingen/lærekandidaten får ei forsvarleg og god opplæring, etter opplæringslova § 4-4, «*slik at lærlingen og lærekandidaten kan nå måla i den fastsette læreplanen*», har Fagopplæringskontoret ikkje godteke at fagleg leiar har vore plassert i t.d. ei anna bedrift - eller i Kristiansand medan lærlingen er tilsett i filialen i Bergen. Fagopplæringskontoret ser at ein her treng klare retningslinjer for å sikre at lærlingen og fagopplæringa vert ivareteken, slik opplæringslova krev. Dersom ikkje fagleg leiar skal vere lokalisert på same arbeidsplass/adresse som lærlingen, må ein ha kvalifiserte instruktørar og ei klar arbeids- og ansvarsdeling mellom fagleg leiar og instruktørar. Vidare bør det leggjast fram intern opplæringsplan som Fagopplæringskontoret godkjenner, og pliktene til å ha halvtårssamtaler bør presiserast. Saksbehandlar må i det heile sikre at lærebedrifta, fagleg leiar og instruktørar kjenner pliktene sine, slik at lærling/lærekandidat får den opplæringa dei har krav på.

Fagopplæringskontoret har søkt råd hos juristen i denne saka.

Juristen sitt svar:

Lokalisering av fagleg leiar

Spørsmålet er om den faglege leiaren må vere tilsett i verksemda eller kor nær den faglege leiaren må vere lærlingen.

Svar:

Det rettslege grunnlaget er opplæringslova § 4-3 (3) sjettestning:

«Ei lærebedrift skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa av lærlingane og lærekandidatane.»

I forarbeida Ot. prp. nr. 41 (2006-07) s 44 står det følgjande om lokalisering:

*«Da det vart lovfesta krav om fagleg leiar, var formålet for det første at lærlingen og lærekandidaten skulle ha ein person å halde seg til, for det andre at bedrifta skulle ha ein tilsett som tok hand om rettane til lærlingen og lærekandidaten og såg til at bedrifta oppfylte krava i lova om opplæring av lærlingen og lærekandidaten, med mellom anna å utvikle ein intern plan for opplæringa. **Det var føresett at den faglege leiaren skulle ha ein viss nærleik til lærlingane og lærekandidatane. Enkelte opplæringskontor er svært store og har bedrifter spreidde rundt i landet. For somme lærlingar og lærekandidatar vil dette medverke til stor distanse til den opplæringsansvarlege, ei problemstilling som kan vere relevant også for store bedrifter som er lærebedrifter. Dei fleste bedriftene har derfor i dag også ein instruktør som står føre opplæringa av lærlingane og lærekandidatane. Det er ikkje lovfesta noko krav om instruktør i gjeldande rett, og det er heller ikkje i lov eller forskrift fastsett arbeidsoppgåver for instruktøren. Ved fleire bedrifter vil instruktøren og den faglege leiaren vere ein og same person.»** (mi utheving)*

Det følgjer av forarbeida at det skal vere ei viss nærleik til lærlingane. Men det er ikkje krav om at den faglege leiaren skal vere på same arbeidsstad som lærlingen. Det er dermed i tråd med lovverket at store verksemdar har ei fagleg leiar som sitter relativt langt unna lærlingen, så lenge det finns ei forsvarleg plan for oppfølginga av instruktørane og lærlingane.

Dette spørsmålet har og vore til handsaming hjå Utdanningsdirektoratet i samband med sak om opplæringskontor på Lena, sjå brev av 18.11.2014 ref. 2014/1696. I saka godkjente ikkje fagopplæringskontoret at opplæringskontoret på Lena hadde fagleg leiar for alle lærlingane i verksemda på landsplan. Utdanningsdirektoratet er ikkje samd med fagopplæringskontoret i denne vurderinga. Så lenge

opplæringskontoret har ein fagleg leiar og dei har ei fagleg forsvarleg plan for oppfølginga av instruktørane og lærlingane, er dette i orden.

I spørsmålet om lokalisering må fagopplæringskontoret foreta ei konkret vurdering. Der fagleg leiar er tilsett i verksemda og har same arbeidsstad som lærlingen er dette uproblematisk. I andre tilfelle må det foretas ei konkret vurdering, kor spørsmålet er om det er fagleg forsvarleg å godkjenne vedkommande som fagleg leiar. Moment som er viktige i denne vurderinga er kva plan verksemda har for fagleg leiars oppfølging av instruktør(ane) og lærlingen.

Konklusjon: Det er ikkje høve til å stille krav om at fagleg leiar skal vere tilsett i same verksemd eller ha same arbeidsstad som lærlingen. Det avgjerande er om det føreligg ei fagleg forsvarleg plan for oppfølginga av lærlingane og instruktørane.

Fagopplæringskontoret sitt framlegg til nye retningslinjer:

- Fagleg leiar bør vere lokalisert på same arbeidsplass/adresse som lærling/lærekandidat, for å halde på ei profesjonell fagopplæring. Dette sikrar at lærling/lærekandidat får den opplæringa ein skal ha i eit system som held rett nivå kvalitetsmessig.
- Unntaksvis kan det godkjennast at fagleg leiar arbeider på ei anna adresse enn lærling/lærekandidat. Fagopplæringskontoret må i slike høve sikre at bedrifta har eit forsvarleg opplegg for opplæringa, gjennom å etterspørre planar for opplæringa, ansvars- og arbeidsfordeling m.m.